



STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNEBESØK I HJELMELAND KOMMUNE 4. JUNI 2002

Statens utdanningskontor i Rogaland var på kontakt- og tilsynsbesøk i Hjelmeland kommune 4. juni 2002. Heile besøket var lagt til Jøsenfjorden skule. Hovudemnet var skolebasert vurdering, og det blei orientert om samarbeidsprosjektet mellom Jøsenfjorden skule og Jøsneset skule. Det var lagt til rette for intervju med rektor og leiar av PPT, samt representantar for lærarar, foreldre og elevar. Besøket blei avslutta med eit møte med politisk og administrativ leiing i kommunen der også rektorane i kommunen deltok.

Frå utdanningskontoret deltok utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå og rådgjevarane Audun Gjerde og Ole Morten Svendsen. Dessutan deltok Lars Andersen frå statsamtet Fyn i Danmark som observatør.

FRÅ INTERVJU OM SKOLEBASERT VURDERING

Deltakarar: Berit Søvik Østerhus, rektor på Jøsenfjorden skule og Jøsneset skule, Terje Aukland, Midt-Ryfylke PPT, Siv Anette Vadla og Pål Herman Haferkamp, elevrepresentantar, Helga Havnerås og Johanne Bog, lærarrepresentantar, Odd Fosså og Haldis Nilsen, foreldrerepresentantar.

Fokus for intervjuet var om skolen/kommunen har fått på plass eit system for skolebasert vurdering.

RUTINAR FOR SKOLEBASERT VURDERING

Det føreligg ikkje skriftlege rutinar for dette arbeidet i Hjelmeland kommune. Felles for skolane er eit spørjeskjema som har vore sendt ut til alle foreldre/elevar med ni påstandar for vurdering av kvaliteten i skolen. Påstandane skal givast verdiar frå 1-4, og handlar om trivnad/miljø og tilrettelegging av opplæring. Denne metoden vil bli vidareført. Det har vidare blitt sendt ut eit liknande skjema til foreldre/elevar i samarbeidsprosjektet mellom skolane i Jøsenfjorden, der føremålet var evaluering av samarbeidsprosjektet. Resultata er lagde fram for politisk leiing, men både foreldre og lærarar saknar tilbakemelding frå undersøkingane. Elevrepresentantane opplyste at dei ikkje har delteke i denne spørjeundersøkinga.

VERKTØY I ARBEIDET MED SKOLEBASERT VURDERING

Det er ikkje avklart på kommunalt nivå kva for verktøy som skal eller bør nyttast i arbeidet med skolebasert vurdering. Foreldremøte/samtalar blei nemnde som eitt tiltak, utan at dette er sett inn i ein systematisk samanheng. Lærarrepresentantane framheva kontaktboka som eit viktig hjelpemiddel. Her skriv læraren sine kommentarar dagleg, og foreldra skriv sine kommentarar. Det vert utarbeidd ein årsplan på kvar skole som mellom anna inneheld skolen sine pedagogiske mål for året. Årsmeldinga som vert laga mot slutten av året, er mest for internt bruk, og inneheld hovudsakleg ei økonomisk oppsummering. Oppfølging av årsplanen vert drøfta med personalet. Det vert gjennomført medarbeidarsamtalar årleg. Diagnostiske



STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

prøvar vert nytta systematisk i norsk, og ved behov i matematikk. Elevsamtalar vert ikkje gjennomført. Det er uklart kven som har medarbeidarsamtalar med rektorane.

SKOLEBASERT VURDERING OG KVALITETSUTVIKLING

Omgrepet skolebasert vurdering virka lite kjent for elevar og foreldre. Det ser ut til å vera tenkt lite systematisk kring samanhengen mellom kvalitetsutvikling og skolebasert vurdering. Det synest uklart kven som har ansvaret for dette arbeidet, og skulane kjenner seg åleine og utan støtte. Rektor vonar at den nye stillinga som kommunesjef oppvekst, kan hjelpa skolane i dette arbeidet. Rektor meiner at det har mangla informasjon frå rådmannsnivået.

FRÅ SAMTALEN MED KOMMUNELEIINGA

Deltakarar frå kommunen: Rektorane Berit Søvik Østerhus, Anders Dalane, Arne Sandanger og Arild Boganes. Frå PPT møtte Terje Aukland. Frå kommunen møtte ordførar Terje Thornquist, rådmann Øyvind Bergøy og kommunesjef oppvekst Jarle Sylta.

Kommunen har gode erfaringar med å organisera skulane som sjølvstyrte einingar. Dette har gitt kommunen ei handterleg leiargruppe, og erfaringane er positive. Stillinga ”kommunesjef oppvekst” vart oppretta for å få fart på utviklingsarbeidet i skolen, men representerer ikkje eit nytt organisatorisk nivå. Utdanningsdirektørens oppmoding etter førre besøk var ein av grunnane til at stillinga blei oppretta.

Økonomien i Hjelmeland har gått noko tilbake dei siste åra, men er framleis god. Utfordringa er å halda oppe folketalet. Kommunen har gjennom fleire år hatt ei vellukka satsing på næringsutvikling, og har stort underskott på arbeidskraft. Det offentlege tenestetilbodet i kommunen er særst godt, og det vert gitt tilskott til etablering i kommunen. Kommunen tek ut 3,7 mill i statleg rentefritt lån til utbetring av Hjelmeland ungdomsskole.

Det vart opplyst at kommunen har eit kontinuerleg tilbod om etter- og vidareutdanning. Parolen er ”det er berre å seia i frå”, så finn dei løysingar, gjerne kombinerte med ei viss bindingstid i kommunen.

Rektorane er stor sett nøgde med at skolane er direkte underlagt rådmannen som sjølvstyrte einingar. Det tok tid å samkøyra skole og barnehage, og utviklingsarbeidet har nok lidd noko i denne perioden. Rektorane meiner det er viktig at same person har ansvaret for tilsetjing og kompetanseutvikling på same skolen. Dei ser det som ein fordel at det no er oppretta eit koordinerande fagleg ledd mellom rektorane og rådmannen. Dette vart støtta av PPT.

Rektorane samarbeider i undervisningsfagleg utval. Ei rekkje saker er delegerte til administrativt nivå og blir sjeldan politisk behandla.



STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

Den någjeldande skolebruksplanen vil ikkje bli forandra dei næraste åra. Dette er det semje om både administrativt og politisk. Kommunen meiner at til dømes samarbeidet mellom Jøsenfjorden og Jøsneset skule, kan vera eit verkemiddel for å halda liv i bygdeskulane.

Hjelmeland kommune har gjort lite for å estimera behovet for vaksenopplæring, og brukar lite ressursar på denne type opplæring. Elles brukar kommunen mykje pengar på drift av skolane samanlikna med dei fleste kommunane i landet.

Samtak-programmet vart rosa både av kommunen og PPT. PPT har kome meir i kontakt med skolane og ynskjer i større grad å definere sine oppgåver ut frå brukarane sine behov. PPT framhevar at den statleg finansiera stillinga dei har fått har vore viktig.

KONKLUSJON OG UTVIKLINGSOMRÅDE FOR KOMMUNEN

Hjelmeland kommune har ikkje etablert noko system for opplegg og gjennomføring av skolebasert vurdering. Skolebasert vurdering ser heller ikkje ut til å ha fått ein naturleg plass som grunnlag for kvalitetsutviklinga i grunnskolen i Hjelmeland. Utdanningsdirektøren vil oppmoda til at det vert sett i gang eit arbeid med å få laga eit system for skolebasert vurdering, slik at dette kan bli eit verktøy i kvalitetsutviklinga for skulane i kommunen. Det er elles utdanningsdirektørens inntrykk at Hjelmeland kommune bør arbeida meir målretta med tanke på å styrkje elevmedverknaden i skolen.

Det kan sjå ut til at det etter den siste omlegginga i skoleadministrasjonen, er uklart for brukargruppene kven som har ansvar for kva. Utdanningsdirektøren rår til at dette vert klargjort, slik at dei ulike nivåa veit kva dei har ansvar for og kvar dei ev. kan søkja hjelp.

Vaksenopplæring og etter-/vidareutdanning bør sjåast i samanheng, og utdanningsdirektøren rår til at det vert laga ein overordna plan for dette. Dette vil over tid gjera det mogleg for kommunen å utvikla den kompetansen kommunen har bruk for på sikt.

AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

Utdanningskontoret vil takka for eit godt tilrettelagt besøk. Ein særleg takk til rektor ved Jøsenfjorden/Jøsneset skule som sto for den praktiske tilrettelegginga, mellom anna nydeleg mat. Vi vil ønskje lukke til med det vidare arbeidet med skoleutviklinga i Hjelmeland.

Stavanger 22.08.02

Sølvi Ona Gjul
fung. utdanningsdirektør

Ole Morten Svendsen

Postadresse:
Postboks 358
4001 STAVANGER

Kontoradresse:
Lagårdsveien 78
4001 STAVANGER

Telefon:
51 56 87 00

Telefax:
51 56 87 45